

Nærings- og fiskeridepartementet
postmottak@nfd.dep.no

Knarvik, 27. januar 2023

Høyring av rapport frå ekspertutvalet som har vurdert vidare handtering av ubåtvraket U-864

Regionrådet Nordhordland viser til høyringsbrev frå departementet datert 21.10.2022 og til framlagt rapport frå Ekspertutvalet som fekk i oppdrag å vurdere og tilråd vidare tiltak for ubåtvraket U-864 og kvikksølvforureininga, har lagt fram.

Utvalet tilrår en trinnvis prosess for handtering av U-864, der mest mogeleg av lasten (kvikksølv) blir forsøkt fjerna frå vrakdelane og nærliggjande sedimenter, før vraket og det mest forureina området av sjøbotn vert dekkta til.

Regionrådet viser til at saka om U-864 har vore ei langdryg og utmattande sak for spesielt foket på Fedje, men også for resten av Nordhordlandsregionen som er opptatt av denne saka. Fedje kommune og Regionrådet har tatt mange initiativ oppover åra for å få løyst denne saka, og då med heving som utgangspunkt. Regionrådet viser her til ulike skriv til – om møter med departementet.

Regionrådet tek ekspertutvalet si utgreiing til vitande. Regionrådet er nøgd med løysinga som utvalet er kome fram til, og håpar at mest mogleg av kvikksølvet kan takast opp. Det er no viktig at saka har tydeleg framdrift og at rapporten vert følgd opp med midlar i statsbudsjettet for 2024 slik at ein kjem i gong med arbeidet.

Med venleg helsing og på vegne av Regionrådet Nordhordland



Karstein Totland
Leiar Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS